

Pumpestasjon fungerar framleis ikkje

28.04.2011



Det er Grundfos som har levert pumpestasjonane.

Medan det nye kloakkanlegget andre stader i Uskedalen har vore i funksjon lenge er det framleis tekniske problem med pumpestasjonen som ligg i området mellom båthamna og Rabben. Difor blir det ikkje pumpa kloakk på strekninga mellom Rabben og skkulen.

Folk frå leverandøren Grundfos Pumper kjem til Uskedalen om stutt tid for å teste ut anlegget og forhåpentleg finna fram til ei løysing som fungerar..

Prosjektleiar Ivar Kåre Døssland opplyser ellers at det no pågår 'pyntearbeid' langs leidningstraseane på fleire stader - både i området ved skulen, i Beinavikjo og ved Eidsvik.

Det vil difor ikkje vara lengje før områda der det har vore gravearbeid er pynta opp att.
- Det passar bra å gjera dette no i det fine veret, seier Døssland.



Denne pumpestasjonen fungerar framleis ikkje. (Foto: Ola Matti Mathisen)